



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Morten Sageidet, 5557 2057

Vår dato
20.11.2017
Dykkar dato
13.10.2017

Vår referanse
2017/5957 421.3
Dykkar referanse

Samnanger kommune
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Uttale til Samnanger sin arealdel av kommuneplanen 2017 - 2027 etter 2. offentlege ettersyn

Vi viser til kommunen si oversending av kommuneplanen sin areal for 2. offentlege ettersyn datert 13.10.17.

For denne planen har Samanger kommune og Fylkesmannen den 25.08.17 der følgjande arealdisponeringar og føresegner var gjenstand for dialog:

- N07 Børdalen – datalagringsseter
- OPT05 Lauvskarmyra – fleirbrukshall
- B19 Bolstadhaugen – bustader
- SB11 Frøland – spreidde bustader
- SB19 Kvernes – spreidde bustader
- F04 Totræna 1 og 2 – fritidsbustader
- F14 Kvitingen vest – fritidsbustader
- F15 Kvitingen nord – fritidsbustader
- F18 Eikedalen 1 – fritidsbustader
- F25 Eikedalen 8 – fritidsbustader
- § 13.2 Byggegrense mot vassdrag på 30 m og bekkar 5 m

På møtet blei det oppnådd semje om fleirtalet dialogpunkt, og kommuneplanen er på desse punkta justert i samsvar med konklusjonane frå samordna uttale frå Fylkesmannen datert 13.09.17. Det er to punkt som derimot ikkje er retta opp:

- N07 Børdalen – datalagringsseter
- F04 Totræna 1 og 2 – fritidsbustader

- N07 Børdalen – datalagringsseter

Fylkesmannen fremja motsegn til denne arealdisponeringa med grunnlag i mangelfulle utgreiingar, og då særleg i forhold til naturfare, landskap, vassdrag, natur og landbruk. Datalagringssenteret er framleis inne i planforslaget, sjølv om Fylkesmannen har ei ståande motsegn til arealdisponeringa. Kommunen og Fylkesmannen er i løpende dialog på denne, og

kommunen arbeider med å ugreie konsekvensane av ei slik lokalisering. Status pr. nå er at Fylkesmannen held på si **motsegn** til føreslått datalagringssenter på N07.

- F04 Totræna 1 og 2 – fritidsbustader

I vår uttale frå 13.09.17 konkluderte vi med følgjande:

«Fylkesmannen finn å kunne akseptere at desse felta vert lagt inn i planen, men med visse vil-kår. Det må stillast krav om rekkefølgje i føresegnerne, slik at Totræna 1 vert detaljplanlagt og bygd ut først. Inntil det er sikra i føresegnerne, er det knytt motsegn til dette punktet.»

Kommunen har ved dette offentlege ettersynet ikkje innarbeidd ei slik føresegn. Fylkesmannen held difor fast på si **motsegn** til Totræna 1 og 2.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Morten Sageidet
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen